



MARIUS HINDENES  
Hindenesvegen 797  
5993 OSTEREIDET

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

## Svar gjeldande søknad om dispensasjon frå søknadsfristen i produksjonstilskot oktober 2018 - Marius Hindenes

Fylkesmannen viser til dykkar søknad om dispensasjon, dagsett 14. januar 2019, samt Lindås kommune sitt følgjebrev, dagsett 14. januar 2019.

### Vedtak

Fylkesmannen i Vestland gjev føretaket Marius Hindenes, org.nr 985 554 935, dispensasjon frå søknadsfristen 15. oktober 2018 med utvida frist til 29. oktober.

### Bakgrunn

Føretaket Marius Hindenes driv med hald av sau og ammekyr på gbnr 20/6 i Lindås kommune. I mars 2018 søkte føretaket om tilskot til 157 søyer fødd føregåande år eller tidlegare, 10 verar, 11 ammekyr og 16 øvrige storfe. Ved registrering av søknad del 2 i oktober viser logg frå Landbruksdirektoratet at føretaket har registrert opplysningar i søknadsskjema i Altinn, men ikkje sendt det inn. På bakgrunn av at søknad ikkje vart sendt inn søkjer føretaket om dispensasjon frå søknadsfristen i oktober 2018.

### Vurdering

Jamfør § 9 i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014 kan Fylkesmannen i særlege tilfelle dispensera frå reglane i § 2, § 3 første ledd, andre ledd, tredje ledd bokstav a, b samt fjerde ledd, § 4 første andre og fjerde ledd, § 5, § 6 og § 8 andre og tredje ledd. Det er ikkje høve til å dispensera frå andre reglar enn dei som er lista opp over.

Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfelle». Det tyder at det kun skal innvilgast når det føreligg ein spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.

Føretaket Marius Hindenes, org.nr 985 554 935, søkjer om dispensasjon frå § 8 andre ledd i forskrifta.

Det er kun i tilfelle der søkjar har fått dispensasjon frå søknadsfristen at det vil vera mogleg for søkjar å levera søknaden etter fristen.



Det er søker sitt eige ansvar å sørgja for at søknaden vert levert i rett tid. Dette gjeld òg nye søkerar. Søknadsfristen går fram av både av forskrift og jordbruksavtalen, og blir kunngjort kvart år i god tid før søknadsfristen går ut.

Føretaket Marius Hindenes sendte ikkje inn søknad om produksjonstilskot i oktober 2018. Det vart oppdaga når føretaket skulle etterregistrera avløysarutgifter at søknaden ikkje var levert. Etter å ha sjekka med Landbruksdirektoratet, er det komme fram at søker var inne i søknadsskjema 1., 2., 3., 4., 5., 7., 9., 10. og 11. oktober. Dei fleste opplysningar og kontrollar vart lagt inn og gjort 10. og 11. oktober. Det vart då lagt inn opplysningar om dyr på beite, dyr på utmarksbeite og avløysarutgifter.

Føretaket har fylt ut søknad etter beste evne og trudde at søknaden var gått gjennom.

På bakgrunn av at føretaket har vore inne i søknaden og prøvd å fylla ut og senda inn, er Fylkesmannen av det inntrykk at føretaket har gjort det beste det kunne for å få sendt søknad. Føretaket har òg vore ute i god tid, med tanke på at søknadskladd er registrert mange gonger i tida 1. - 11. oktober.

Søknadssystemet for produksjonstilskot vart lagt om i 2017 og det kan dermed ikkje ventast at alle har fått sett seg godt nok inne i dette endå.

Fylkesmannen gjev dermed føretaket Marius Hindenes dispensasjon frå søknadsfristen.

Føretaket må no senda søknadsopplysningar på papirskjema til kommunen, slik at kommunen kan registrera rette opplysningar frå oktober 2018, slik at tilskot kan bli rekna ut. Frist for å senda søknadsopplysningar er 25. januar 2019.

### **Klagerett**

Føretaket kan klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. § 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær (e.f.)  
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ